

Til:

Arya Maman
Eivind Fagereng
Emil P Øyen
Fredrik Gudmestad
Iris Bjørheim
Mari Reime Hodne
Marielle Bjorland
Rajan Shafiei
Tord Mjåtveit

Dykkar ref.

Vår ref.

17/4388 TRHE

Arkivkode

035 A20

Dato

07.02.2017

Referat frå elevrådet

Dato: 19.01.17

Desse møtte: Fredrik, Eivind, Emil, Rajan, Mari, Iris, Marielle, Tord og Ina

Forfall: Arya,

Saker:

14/ 16-17: Skulegenser. FAU har sagt ja til at vi kan tilby skulegensarar. Vi ønskjer å ha teiknekonkurransse for å finne motiv. Ina sjekkar med rektor at dette er i orden. Vi har og forslag om å ha skulen sin visjon som motiv.

17/ 16-17: Evaluering av den nye skulen. (Noter inn rett på arket her når du høyrer med gruppa di.)

Dette er bra:

- Større gymsal.
- Doane, fint med doar i kvar base.
- Kantina.
- Uteområdet. Meir leker, trampoline, treningsapparat mm.
- BliMe-benken. Vi flytter den no bort i nærleiken av det store klatrestativet.
- Store garderobar i basane.
- Store og gode klasserom.
- Bra med søppel ute av klasserommet, slepp lukt.
- Betre stolar. Rodeostolane er gode.

Vi er nøgde med:

- Med alt!
- Leseloftet, fungerer godt på 4. trinn.
- Meir å gjere ute.
- Opne løysingar i fellesareal.
- Lettare å drive gruppearbeid når me har grupperoma.
- Større bibliotek. Fint med puffane å sitje på.
- Miniamfiet og amfiet.

Dette kunne vore/ endra på:

- Skarpe kantar på der vi går inn i ballbingen. Elevar har kutta seg.
- Kan vere litt skummelt ved sklibakken, kaos, så skummelt å gå til Sansehagen. Lurt å gå litt større sving rundt.
- Garderoben: trongt når skal ha klede, sko og sekk inn i garderoben.
- Det er ikkje alle smart-tavlene som verker heilt godt m blyant (rom A og B i 5., begge roma i 6., rom 2 i 7.)
- Saknar sitteplassar under taket. Benk innerst mellom dørene?
- Meir vakter opp i «skogen» utanfor 5. trinn. Mykje slåssing der.
- Solskjermene utanfor 5. trinn er ikkje «sterke nok».
- Varmt i nokre klasserom (4. trinn)
- Skummelt når nokon spenner ball under taket ute.
- Fortsatt «humping» i klatrenettet, ta det opp i klassene.
- Dørene på do er litt skumle, nokon har «låst seg inne». Dra døra hardt mot deg før du låser opp!

18/ 16-17: Anna. Saker frå trinna:

- Spørsmål: kjem det varm mat i kantina? Når? Kan vi t.d. få smoothie ein gong?
- Kan/ bør vi ha med akebrett på skulen? Det kan bli mykje kræsjing.
- Sjakkbrikkene? Korleis kan vi få brukt dei? Sjakk utanfor 6. trinn.
- Pengane frå BUK, kor er dei? Kor mykje? Vi vil bestemme korleis dei skal brukast.
- Måla på fotballbanen: kvifor er dei så små? Eivind og Mari i lag med Ina skriv mail til arkitektane og spør.
- Vi ynskjer utlånsbu eller ei ordning med uteleker.
- Laust handtak på klatreveggen. Nokon har falt ned og slått seg.
- Kan vi få tilbake edderkoppdissa?
- Kan vi bruke trøbil til skulen?
- Fins det slåballkøller på skulen?
- Nettet på store fotballbanen er litt øydelagt.

Takk for eit godt møte! Bruk dette arket til å informere gruppa di. Be ein vaksen om råd om du er usikker, eller ta kontakt med meg!

Ina E. B. Vigre
Kontaktlærer for elevrådet
Trine Hess

Trine Hess
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur